

23. mars 2013

Til alle lokallaga i Hordaland

ÅRSMØTET 2013 PÅ SKANDIC BERGEN AIRPORT HOTELL PÅ KOKSTAD

Vi har nett avvikla fylkesårsmøtet og nokre av styremedlemane våre og vår leiar Anne-Britt Herfindal Johannessen har mønstra av. Vi er takkar Anne-Britt for alt ho har lagt att i arbeid og slit for å få Fylkeslaget aktivt: Stikkord som har vore viktig har vore synleggjering av HLF lokalt, utvikla kvalitet i kurs for heile Hordaland, vera uredd i handsaming av saker som har snev av diskriminering av hørslehemma, gjera problemstillingar som er aktuelle for vår gruppe almen kjend for politikarar også Hordalandsbenken på Stortinget. Dei som gjekk ut av styret no kjem til å bli sakna, men andre er utfordra til større oppgåver.

Det nye styret vi har fått, ser slik ut:

| Sak | Verv | Kandidat | Funksjonstid | Lag |
|-----|-------------|--------------------------|--------------|-----------------------|
| 3.1 | Leiar | Britt Irene Sundt | 1 år | HLF Sotra og Øygarden |
| 3.2 | Nestleiar | Unni Stenberg | 1 år | HLF Bergen |
| 3.3 | Kasserar | Ingvar Torbjørn Rudi | 2 år | HLF Bergen |
| 3.4 | Studieleiar | Anne Mari Hannisdal Haga | 2 år Ny | HLF Osterøy |
| 3.5 | Styremedlem | Ulf Dannevik | 2 år | HLF Bergen |
| 3.6 | Sekretær | Helene Olsen | 1 år igjen | HLFU Bergen |
| 3.7 | Styremedlem | Elin Hopland | 1 år igjen | HLF Bergen |
| 3.8 | 1. vara | Jan Erik Hagesæter | 1 år - Ny | HLF Bergen |
| | 2. vara | Mette Dalhaug | 1 år - Ny | HLF Bergen |
| | 3. vara | Hans Borgen | 1 år | HLF Bømlo |

Eg takkar for tillit som fylkesleiar, ser på det som ei utfordring, men trur vi skal gjera ein jobb heile styret til nytte for HLF og hørselssaka i Hordaland. Vi har fått nokre spennande nye tillitsvalde og vi bør gle oss til arbeidet.

Inntil vidare vil de **berre kunne treffa meg** på følgjande mail; bsundt@online.no
Tlf. 98046372, send gjerne ein SMS så ringjer eg attende om de ikkje har fått tak i meg. Inga spørsmål er for små, spør de om noko eg ikkje kan svara på der og då, vil eg prøva å finna svaret til dykk. Har de gledesmeldingar, bekymringsmeldingar eller berre noko de vil formidla. Ta mailen fatt! Vi kan skrivast og snakkast om det vi har trong for å lufta.

Godt HLF år 2013 til alle trufaste og nye medarbeidarar. Hugs det er viktig at mange tek eit tak om vi skal ha framgang for hørselsaka! Saman vert vi sterke!!

Med helsing
HLF Hordaland
Britt Irene Sundt
Fylkesleiar

